



Velkommen til 5. trinn!

Me ser fram til eit innhaldsrikt skuleår med gode opplevingar, elevmedverknad, vennskap, meistring, utvikling, samarbeid, latter og tårer. Me skal alle saman utvikle oss i fellesskapet. Dette skal me gjere gjennom variert undervisning, grupper på tvers av heile trinnet og eit nært samarbeid me dykk heime. Me har allereie kome godt i gang med planlegginga av skuleåret. Dei to fyrste vekene (34 og 35) er leksefrie veker med fokus på å kome tilbake att til skulekvardagen og rutinar. No på mellomtrinnet er det og eit tilbod om leksehjelp kvar onsdag etter skuleslutt. Sjå eiga skriv om dette og lever det tilbake med svar innan svarfristen.

Er det noko det lurar på ta gjerne kontakt med Hege eller Lene på *Visma Min Skole* appen eller på e-post. Fråvær registrerast i appen før skulestart 08:45.

Timeplan:

Me vekslar mellom 2-deling og 3-deling på timeplanen i år. Dette gjev oss moglegheita til å danne grupper på tvers av trinnet i ulike fag. Nytt av året er faget Mat og helse. Her må elevane hugse forkle, innesko og eventuelt hårstrikk. Til gymøkta på torsdagar må ein hugse på gymklede, handkle og såpe.

Personalet på 5. trinn består i år av:

Lene Damsgård Klepp og Hege Steinsland-Hauge (Kontaktlærarar)

Irene Vassdal (Faglærar)

Ole Rasmus Hjelle (Musikklærar)

Elisabeth Steinsland, Kristi Flaktveit Mjelstad og Almira Omerkadic (Fagarbeidarar)

Tida framover

Det skjer mykje spanande på 5.trinn framover:

- Sykkelkids kjem 3. og 5. september
- Nasjonale prøvar i norsk, matte og engelsk (i september)
- Foreldremøte (Eiga innkalling kjem, september)
- Utviklingssamtalar (oktober)

Beste helsing, 5. trinn.